

ASPIRA

Nytt frå Stord og Nysæter kyrkjelydar

Utgåve 1 2022



Tema:

LYS

Om bladet

Ansvarleg utgjevar:

Stord sokneråd og
Nysæter sokneråd

Adresse: Hamnegata 48,
5411 Stord

Telefon: 53 40 34 30

E-post: post@kyrkja-stord.no

Web: kyrkjastord.no

Facebook: @kyrkjaistord

Kontonr: 3201.23.04578

Vipps: Stord #124653

Gåver til kyrkjebladet merkast
"SPIRA"

Design: Preg Design

Fransidefoto: Preg Design

Trykk: Skag Design og Trykkeri

Opplag: 7500 /utgåve 1/ årgang 4

Papir: Miljøvennleg Paperwise



Redaksjon:

Olav Oma (redaktør)

Elisabeth Fauskanger

Anders Grov Nilsen

Svein Olav Langåker

Barbro Høyland Andersen

Hildegunn Heimro

Dag Kjetil Lægred

Kyrkjelydsblad vert ifølgje
forbrukartilsynet ikkje rekna som
uadressert reklame, og blir fulldistribuert
til alle husstandar i kommunen.



DEN NORSKE KYRKJA

Stord og Nysæter

Er det lys i mørkret?

Med våren kjem lyset. Men akkurat denne våren kan det vera vanskeleg å sjå lyset, når skuggen av krig ligg tungt over Europa.

Når dei eldste mellom oss kjem med spørsmålet «Er krigen her igjen?» Eller: «Eg trudde ikkje eg skulle oppleve dette på nytt.» Når borna stiller spørsmål som ikkje har vore stilt på lenge; «Kan dei bruka atombomber?» «Kan det bli krig i Noreg?» Når kommunane gjer seg klare til å ta imot flyktningar, og me blir bedne om å melda frå om me har rom, så me har plass å husa dei som kjem.

Kva gjer me då? I kyrkja er svaret; Be og arbeid. Be med kvarandre og med kyrkjer over heile verda om fred; Fred mellom folka, fred mellom dei som er nære og dei som er

fjerne, fred i hjarta og fred i verda. Samstundes blir me kalla til handling: Å engasjera oss. Ta ansvar. Gjera det me kan. Alle kan me bidra med noko. Mange på Stord har eit forhold til Ukraina og folket der. Nokre av dei kan du lesa om i denne utgåva av Spira.

Me skal snart feira påske. Påska kjem med lys i mørket. Håpet er ikkje forbi. Mørket har ikkje overvunne lyset, og kjem aldri til å gjera det. Lat oss be med Ukrainarar som kvar ettermiddag bed Salme 31: «Herre, eg søkjer tilflukt hos deg, lat meg aldri bli til skamme! Fri meg ut i di rettferd!»

OLAV OMA, SOKNEPREST



I lyset frå den tomme grava

Jesus Kristus stod opp. Livet vann over døden. Lyset vann over mørkret. Gleda vann over sorga. Natta blei til morgon. I kyrkja tenner me lys kvar gong me samlast. Det er ei sterk symbolhandling i kristen tru.

Tenn lys!

Adventssongen oppmodar oss til å tenna lys for jorda vår, for kjærleik og tru, for rettferd og fridom. I kyrkja tenner me lys. Me tenner lys med ei bøn om at lyset må vera sterkare enn mørket. Me tenner lys med ei bøn om at Guds lys må lysa på oss, gjennom oss og i oss.

Det er vår.

Vinteren slepp taket! Vekke er dei lange mørke morgonane og dei altfor tidlige mørke ettermiddagane.

Det er vår! Me syng «Du vår med ljose dager, med lengting liv og song» og kjenner lyset og varmen frå sola mot ansiktet. Ser naturen vakna til liv etter ein mørk vinter. Lyset gir oss energi.

Det er påskehøgtid.

Mørket frå langfredag blir erstatta av lyset frå den tomme grava. Tidlig påskedagsmorgon, mens det enda var mørkt, var nokre kvinner på veg til Jesus si grav. Framme ved grava var steinen rulla vekk og dei såg

lyset som strøymde ut.

Jesus er lyset i verda.

Jesus vann over døden. Slik kan me, saman med kvinnene og disiplane, på påskedags morgon gå frå den tomme grava og vita at Jesus si reise til døden og tilbake til livet var for oss. Det er ei kjærleikshistorie frå han som sa om seg sjølv: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys». Joh 8.12

Håpsteikn i natta

Når me samlast i kyrkja, tenner me lysa på altaret. Lysa minner oss om han som kallar seg sjølv for Livsens Lys, han som bed oss om å vera lys og salt i verda.

Ein kveld var vi ein stor flokk barn og vaksne i kyrkja. Me tente lys i lysgloben. Lyset midt i globen kallar me «Jesus-lyset». Med dei små lysa henta me flamme frå Jesus-lyset. Me tente lys og bad. For alle som må rømme frå landet sitt, for barna, mødrene, fedrane, dei gamle og dei sjuke. Snart var globen full av lys. Så stod lysa der og brann – som vitnemål om bønene som var bedt.

Det er blitt meir og meir vanleg å tenna lys på gravene. Det er ikkje alltid me tenkjer over det; Me skulle berre tenna eit lys. Men når me gjer det, så står lyset der og skin. Som eit lite håpstegn i natta.



”

Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys

Joh 8.12

– Sola er ei naturleg lykkepille!

Forskar og overlege Tone Elise Gjøtterud Henriksen ved Valen sjukehus fortel korleis lyset påverkar oss.

– Me er som andre skapningar i naturen avhengige av lys på dagtid og mørke om natta. Me er aktive på dagen og søv om natta, seier Tone Elise Gjøtterud Henriksen. Overlegen og forskaren på Valen sjukehus har fått stor merksemd både i Noreg og utlandet for forskninga si på korleis lys og mørke kan vera til god hjelp i behandlinga av psykiske lidningar.

– I sum, så treng me lys for å vera aktive, glade og det motsette av det som ein depresjon inneber, fortel Gjøtterud Henriksen.

Ho viser til at lys blir brukt til be-

Kunstig lys påverkar søvnen

Lyset påverkar signalstoff som påverkar kroppen og hjernen.

– Dagslyscella i auga våre blei ganske nyleg oppdaga. Den er ekstra følsam for blått lys som er det hjernen rekner som dagslys, fortel Tone Elise Gjøtterud Henriksen.

Ho er opptatt av korleis LED-lys frå skjermar og lamper påverkar oss.

– LED-lys har eit veldig skarpt blått lys. Viss ein får det på kvelden, så blir det veldig feil for biologien vår. Det påverkar søvnen vår, og undertrykker melatoninproduksjonen vår. Det gjer oss påskrudd i løpet av sekund. Samstundes gjer det at det tar lenger tid å roa seg ned, og ein

bruker lenger tid for å falla i djup søvn.

Overlegen tilrår derfor å verna seg mot lyset frå skjermar på kvelden, for eksempel med å bruka oransje briller.

Treng skikkeleg lys og mørke

Dersom me får for lite mørke, så gjer det at me får for lite tid til å reparasjon av kroppen.

– Moderne menneske går ofte i halvmørke. Halvmørke rom og mykje blått lys frå skjermar er ikkje bra for oss. Skikkeleg lyst og skikkeleg mørkt er det beste for oss, slår Tone Elise Gjøtterud Henriksen fast.

”

Halvmørke rom og mykje blått lys frå skjermar er ikkje bra for oss. Skikkeleg lyst og skikkeleg mørkt er det beste for oss

Tone Elise Gjøtterud Henriksen

handling av vinterdepresjon.

– Og viss ein må ta antidepressiva, så aukar effekten med 40-50 prosent om ein legg til lysterapi.



Forskar og overlege Tone Elise Gjøtterud Henriksen. Foto: Erik Dankel, Helse Fonna

I lyset frå eit bål

Barn som spring på stien, hoppar frå stein til stein. Eller små føter som går med si hand trygt inni ei stor hand. Søk på ein vaksen rygg med ved og fyrstikker i. Ut på tur for å brenna bål. Ser du det for deg? Minnast du? Kanskje er eit bål med i planane dine for påska?

Å laga seg eit bål

Ein ring med stein på bakken eller berget. Bål som blir tent med never, tørt gras eller tennbrikettar. Gleda når ein får fyr med bare ei fyrstikk. Vedpinnar som blir sett som ein pyramide rundt flammene. Pølsepinnar som blir spikka og pølser som blir dryssa med «speidarkrydder» (oske frå flammene), men smakar like godt. Har du gått i sjøkanten og leita etter pinnar å leggja på bålet? Lagt kvistar med einer på flammene og høyrte knitringa?

Varmen og lyset frå bålet

Flammar og bål har opp igjennom

tida vore livsviktige for menneska på mange måtar. Flammene var einaste kjelda til oppvarming av hus og heim. Ein laga mat og tørka klede i varmen frå flammene. Når skumringa kom arbeidde ein så lenge ein kunne inne i skinnet frå stearinlys eller parafinlampe. Ute blei terreng rydda ved bråtebrann eller fare varsla med vardebål.

Bålet som speidar-tradisjon

Marit Langåker var 9 år då ho starta i speidaren i Haugesund. Då lærte ho speidarsongen «Bålets flammer stiger høyt mot sky. Her i skogens ly vi glemmer slit og bry». Sidan då

Bålfakta

Rett etter påske startar det generelle bålforbodet i Norge, som varer frå 15.april til 15.september.

For å laga minst mogleg spor i naturen: Bruk bål plassar som alt eksisterer, i staden for å laga ein ny.

Hugs å sløkka godt!

Tresortar til bålet: Gran - tek fort fyr og gir varme. Furu - gir god varme, men brenn fort opp. Bjørk - varmar lenge. Eik - brenn lenge, men kan vera vanskelegare å få fyr på.

har det blitt mange turar og mange bål. Marit fortel om store leirbål med leik og moro, aktivitet og mykje folk. Men kanskje er det dei små båla der ein er få som sit tett saman i skumringa, ser inn i flammene og kjennar varmen og kjensla av fellesskap, nærleik og vennskap med kvarandre ho likar best.

Bålstunder

Med augo mot flammene kan det bli rom for refleksjon og samtale om livet, takksemd, tru, tvil, håp og gleda. Men det er ikkje alltid ein treng sei så mykje i slike stunder. Ein kjenner det – at bålet gjer mykje lys og mykje varme – både rundt oss og inni oss.

På tur med bål

Ein tur saman med innlagt bålpause gir samhald og fellesskap, anten det er familien eller venneflokken som er ute. Turen treng ikkje vera så lang, og på Stord er det mange fine turområder som er lett tilgjengelege, og mange tilrettelagde bål plassar. For mange er tur med bål ein kjekk og kjær tradisjon nettopp no i påsketida. Er du klar for ein båltur?



4 om lys i ulike yrke

Lys – eit positivt lada ord, kjelda til liv og, i følgje skapeforteljinga, det fyrste Gud skapte. Nokre yrkesgrupper er meir avhengig av lys enn andre, og jobbar med lyset for å få gode resultat. Me har snakka med fire personar om kva lyset har å seia i deira yrkespraksis.

”

Lyset er livsnerva og heilt avgjerande for planteproduksjonen vår.

Ståle Sakseide, gartnerar



Astri og Ståle Sakseide, gartnerar

Namn: Ståle Sakseide
Alder: 58
Bur: Finnås
Aktuell: Arbeider som gartnerar og driv Sakseide Gartneri saman med kona Astri

Kvifor er lyset viktig i din jobb?

Lyset er livsnerva og heilt avgjerande for planteproduksjonen vår.

På kva måte brukar du lyset?

Me nyttar lyset til både plantevekst og varme. Om hausten og vinteren, når dagslyset er dårleg, treng me å forlenga døgeret med kunstig lys. Då nyttar me eit såkalla *vekstlys* som har same farge som dagslys.

Korleis vil dårleg lys påverka ditt yrke?

Det vil føra til dårlegare vekst og svake planter. Plantene vil ikkje greia seg. Rett lys er viktig. Plantene kan ikkje gjera seg nytte av kva som helst lys.

Til slutt: Kva kjensler vekkjer våren og lysare tider hjå deg?

Då kjenner eg på meir energi. Kroppen livnar til. Eg synest lyset gjer noko med sinnsstemninga vår.

”

Augene inneheld om lag 107 millionar lysfølsomme celler som hjelper oss til å betre sjå fargar, detaljar og mørke.

Jan Tore Sele, optikar



Jan Tore Sele, optikar

Namn: Jan Tore Sele

Alder: 63

Bur: Eldøy

Aktuell: Arbeider som optikar og er eigar av Interoptikk her på Stord.

Kvifor er lyset viktig i din jobb?

Lys er essensielt i mitt arbeid.

Augene inneheld om lag 107 millionar lysfølsomme celler som hjelper oss til å betre sjå fargar, detaljar og mørke. Eg måler lyset si brytning i auga for å finna optiske synsfeil.

På kva måte brukar du lyset?

Eg brukar lyset til å vurdera auga sin klårheit og til å ta bilete av netthinna.

Korleis vil dårleg lys påverka ditt yrke?

Med dårleg lys vil eg slita med å sjå detaljane i det eg arbeidar med. Medan det er viktig for synet vårt å ha godt lys, er det like viktig å verna synet med t.d. solbriller mot for skarpt lys.

Til slutt: Kva kjensler vekkjer våren og lysare tider hjå deg?

Meir energi! Godt lys gjev meg meir energi og fører til at eg vert mindre sliten.

”

Eg er glad i alle årstider, men våren med stadig lysare dagar er like forløysande kvart år. Lyset gjev energi og arbeidslyst.

Ingrid Kvernenes Misje, fotograf



Ingrid Kvernenes Misje, fotograf

Namn: Ingrid Kvernenes Misje
Alder: 41
Bur: Rommetveit
Aktuell: Arbeider som fotograf i Misje Foto og er lærar på Sagvåg skule

Kvifor er lyset viktig i din jobb?

Som fotograf kan eg ikkje jobba utan lys. Ordet fotografering tyder «teikning med lys» - både naturleg lys og kunstig lys. Som god fotograf må ein beherska begge.

På kva måte brukar du lyset?

Med lys og skuggar skaper du stemninga og uttrykka i bileta, ein pratar

gjerne om mjukt og hardt lys. Mange tenker at overskya er det perfekte fotolyset, men overskya kan like gjerne vera det kjipaste lyset. Det handlar meir om kva ein uttrykk ein ønskjer, og evna til å bruke lyset riktig i bileta.

Korleis vil dårleg lys påverka ditt yrke?

Dårleg dagslys gjer at ein må kompensera med kunstig lys, men det er ikkje alltid eg syns det passar seg. Til dømes er det ikkje eg som skal «flasha» på dansegolvet under brudevalsens, eg ønskjer ikkje å ta merksemda frå dei det handlar om. Då er det ofte ei utfordring å få gode bilete. Heldigvis eramerateknologien kome langt, og eg kan juksa mykje til likevel.

Til slutt: Kva kjensler vekkjer våren og lysare tider hjå deg?

Eg er glad i alle årstider, men våren med stadig lysare dagar er like forløysande kvart år. Lyset gjev energi og arbeidslyst. Beklagelegvis må eg stenga det ute når eg redigerer bileta, for at dei skal bli best mogleg kvalitet på print - ironisk, ikkje sant?

”

Etter ein lang dag med anten studie eller jobb, er det deilig å koma heim til at det framleis er lyst ute.

Lars Fauskanger, student i Akvakultur



Lars Fauskanger, student i Akvakultur

Namn: Lars Fauskanger
Alder: 22
Bur: Sagvåg, f.t. Ålesund
Aktuell: Student, tidl. lærling i akvakultur ved Mowi rensefisk avd. Stord

Kvifor er lyset viktig i din jobb?

Lyset er med på å imitera dei ulike årstidene. På den måten kan me styra kor tid fisken blir kjønnsmoden og kor tid den skal gyta. Dette gjer me kombinert med å auka eller senka temperaturen i vatnet.

På kva måte brukar du lyset?

Me har ulike intervall og ulike tidspunkt der me eksponerer fisken for lys for å imitera dagslys. Når det er sommar ute og det er lyst heile dagen, kan nokre tankar i anlegget ha lyset på i få timar for å imitera ein vintersdag.

Korleis vil dårleg lys påverka ditt yrke?

Det vil føra til ein dårlegare gytesesong, med mindre rogn og mindre fisk me kan driva oppdrett på.

Til slutt: Kva kjensler vekkjer våren og lysare tider hjå deg?


Eg får meir overskot. Etter ein lang dag med anten studie eller jobb, er det deilig å koma heim til at det framleis er lyst ute.



BARNAS

Labyrint

Kan du hjelpe Gulliver gjennom labyrinten?



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



- Klarar du å teikne ein rett strek med ein linjal?
- Sjølv sagt!
- Godt gjort! Eg klarar det ikkje utan blyant.

Vitsar

- Eit egg fekk sjå seg sjølv i eit speil.
- Å nei, eg har blitt eit speilegg!

- Pass deg for trappa!
- Kva for ei trapp-app-app-app ...

Finn fem feil!

Her feirer dei første kristne nattverd. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Asbjørn Tønnesen



Du kan
gi ei gåve med

vipps

124 653
Stord sokn

Gi ei gåve med Vipps eller
giro i dag, slik at me kan
halda fram med å levera
SPIRA i 2022!



Rett i postkassa di kjem det...

... Kyrkjebladet Spira - eit blad for alle på Stord. Eit blad som fortel historier om oss som bur her, om kva me er opptekne av og tenkjer på.

Det er mange på Stord som har viktige ting å fortelja. Gjengen i *Hjertelag Ukraina* er eit døme; Du les om dei i dette bladet. Me treng Spira for å få høyra nokon av dei mange forteljingane. Og Spira treng deg! Du som les i bladet akkurat no.

Vil du vera med og støtta bladet med ei pengegåve? Slik at enda fleire forteljingar kan bli fortalt?

Takk! Takk for at du les Spira! Og takk for ditt bidrag!

Helsing redaksjonen i Spira v/ Olav J Oma, redaktør

Kvittering

Innbetalt til konto

Beløp

Betalar sitt kontonummer

Betalingsinformasjon

Denne blanketten kan ikkje nyttast som brevgiro

Betalt av

Betalt til

SPIRA
v/ Stord sokneråd og Nysæter sokneråd
Hamnegata 48
5411 Stord

KID/Melding

Støttegåve til SPIRA

Kroner

Øre

Til konto

3201 23 04578

Tenner lys og wifi for leksehjelp

Kvar måndag frå to til fire er det skulearbeid og sosialt samvær i Nysæter kyrkje. Ein slapsete februar-måndag besøkte Spira ivrige ungdomar og leksehjelparar.

Mottaking i døra

Oddbjørg Løkling står i døra og tek imot ungdomane når klokka er eit par minuttar over to. Saman med ektefellen John Oddvar har ho gått i bresjen for leksehjelp-tilbodet i Nysæter kyrkje. Grunna sjukdomsforfall er John Oddvar og Oddbjørg er åleine med ansvaret då Spira er innom.

– Vanlegvis er me fire vaksne pluss kjøkenhjelp, fortel Oddbjørg. Ungdommane får alltid mat og drikke for dei tek til med skulearbeidet. Ofte heimebakst eller hotdogar.

Gode råd og venlege puff til å kome i gang med lekse

Vel innom dørane finn alle ein ledig

plass, nokre sit for seg sjølv og nokre i lag med ein kompis. Når Spira sin utsendte stig forsiktig inn i rommet er Oddbjørg i gang med oppstarten. Ho gir gode råd om lese- og leksestrategiar.

– Kikk på arbeidsplanen din. Kva er det lurt å begynna med? Hugs at du kan setja deg ein plass du får fred, og at du må gi dei andre fred.

Lukta av klasserom

Nokon sit med ytterjakka og hua på seg. Nokre høglydte gitar i stemmeskiftet deler YouTube-klipp. Det er sitring, latter og gode lydar. Borti ein krok er det fnising og kan hende hemmelegheiter. Venskapleg knuffing. Ei og anna kvise. Etter ei kort

Etter skuletid

Tilbod om lekselag og leksehjelp kvar måndag kl. 14.00-16.00 for elevar på Nysæter ungdomsskule.

"Etter skuletid" er ein plass å gjera lekser åleine eller saman med andre, og ein kan få hjelp til leksene.

Det er servering av mat, og det er vaksne å snakka med.

Etter skuletid skal vera ein sosial plass.

Tilbodet er frivillig og gratis og er ikkje ein del av kyrkja si trusopplæring.



stund luktar det klasserom i kyrkja.

Lading, Google og wifi

Nokon rekkjer opp handa.

– Eg treng skøyteleidning, ropar ein tiandeklassing. John Oddvar trør til med ladestraum. Her kan ein koma med lite batteri. Google ser for øvrig ut til å vera ein populær leksehjelpar. I løpet av vinteren er kyrkja oppgradert med breiare fiber og betre wifi. Alle ungdommane får Internett-tilgang om dei ønskjer det. Dei fleste leksene blir gjort på PC-ane i desse dagar.

Vennskap, arbeidsro og god hjelp

Ungdommane får koma og gå som dei vil.

– Eg er her frå klokka to til pappa eller mamma hentar meg halv fire, svarar ein åttandeklassing. Nokre vil helst ikkje bli forstyrre. Andre er her nettopp fordi vennene er her. Ei 8. klasse-jente seier ho kjem hit fordi det er fredeleg.

– Eg får ro til å gjera lekser, seier ho. – Eg får god hjelp. Dei er faktisk ganske flinke!

Kustus og omsorg

Bortsett frå lokala, er det ikkje noko som vitnar om kristen forkynning desse to timane med leksehjelp. Her er ope for alle. Oddbjør fortel at alle typar ungdommar kjem innom, både truande og ikkje-truande, også ungdommar frå andre trussamfunn. Kring 20 gutar og jenter plar nytta seg av tilbodet desse måndagane. Her kan ein jobba både individuelt og i grupper.

Bilde lengst t.v.: Elevane blir tekne imot i døra på "Etter skuletid".

Bilde t.v.: Arbeid med lekser i kyrkjerommet

Bilde øvst t.h.: John Oddvar og Oddbjør Løkling er vertskap på "Etter skuletid"

Bilde nedst t.h.: Friminutt med bordtennis

– Sakristiet er ein fin stad for gruppearbeid, seier Oddbjør høgt til ungdommane. Begge dei pensjonerte lærarane har framleis kustus på ungdommane.

– Eg har sakna ungdomsskule-elevane, seier John Oddvar.

Friminutt i kjellaren

Etter ei stund aukar volumet i rommet.

– Dei som ikkje har noko å gjera kan ta seg ein pause, formanar Oddbjør.

Ein gjeng gutar og jenter finn vegen ned i kjellaren. Her ventar bordtennis og kurong-bord.

– Me har gitt dei eit lyn-kurs i kurong også, seier John Oddvar oppglødd.

I løpet av to raske middagstimar går det opp eitt og anna lys, både hos ungdommane og dei rutinerte leksehjelparane. Og etter ein time på leksehjelp kan Spira sin utsende også gå heim til middagen, oppglødd og litt meir opplyst enn då han kom.



Livet på kristen internatskule

Som kjend er 1.mars fristen for å søkja vidaregåande skuleplass. No er fristen gått ut og me som har søkt, ventar på svar. Dei fleste vel å gå på ein skule i sin eigen kommune, men mange søker også på internatskular som ligg litt lengre vekk. For å få eit betre innblikk i kva det vil seia å gå på ein slik skule, har eg intervjuet Eline Hellesøy som går 2. året på Framnes Kristne vidaregåande, og Andrea Teistedal Dyrøy som går 1. året på Kongshaug musikkgymnas.

Kvifor søkte du på Framnes?

– Eg har høyrte mykje bra om skulen og den tilbydde meg realfag, friluftsliv og eit trygt miljø med mange andre kristne, seier Eline.

Andrea søkte Kongshaug på grunn av musikktilbodet deira og fordi det var freistande med ein kristen internatskule.

Er det vanskeleg å få gjort lekse sine når ein bur på internat?

Begge jentene synest det er overkommeleg med lekser, men ein må

sjølvsagt jobbe for å prestera på skulen, slik ein må gjera på alle andre skular. På Framnes har dei leksehjelp med ein assistent frå skulen nokre dagar i veka, og i tillegg har dei lærarar som hjelper til om det er naudsynt. Det er og god kontakt mellom trinna og det går veldig godt an å spørja nokon frå trinnet over deg om du treng det.

– Det er mange aktiviteter ein kan vera med på i fritida, seier Andrea. Tysdag ettermiddag har vi kor, og mange på skulen likar volleyball, så det vert det mykje av.

På begge skulane har dei miljøarbeiderar som finn på mykje kjekt i helgane. Det er også mogleg å vera med på kristne møter med lovsang, andakt og nokre gongar forbøn.

– Hos oss kan ein også vera med på KRIK og bibelgrupper, og elles er det alltid folk å henga med, seier Eline.

Er det berre kristne elevar på skulen?

– Det er mange kristne elevar på Kongshaug og ein del som ikkje er det. Me har alle respekt ovanfor

Framnes kristne vidaregåande skule:

Framnes kristne vidaregåande skule er ein internatskule med studiespesialisering og idrett som linjetilbod. Skulen vert driven av Indremisjonsforbundet og Indremisjonssamskipnaden og ligg i Norheimsund i Hardanger.

Kongshaug musikkgymnas:

Kongshaug musikkgymnas er ein kristen vidaregåande internatskule som ligg i Os kommune. På denne skulen kan ein kombinera interesse for musikk med eit studium som gir generell studiekompetanse. Bak drifta av skulen står Norsk Luthersk Misjonssamband.





kvarandre og eg synest dette fører til mange gode samtaler og diskusjonar, seier Andrea.

Lengtar de heim innimellom?

– Sjølvstundt kjenner ein på heimlenge i blant, men det eg har opplevd, er eit enormt fellesskap der både me elevar, lærarar og tilsette tek godt vare på kvarandre! Det som ofte går igjen, er at ein trur ein skal savna dei heime enda meir enn det ein gjer når ein har fått seg ordentleg på plass her på Framnes. Det er det fleire som seier, kjem det frå Eline. – Det var sjølvstundt trist å flytta heimanfrå, men ein dag skal ein flytta ut og eg vil seie at internatskule er ein utruleg fin arena å starta på. Ein er liksom ikkje heilt aleine. Me har husmødrer, tilsette og ikkje minst mange elevar som er i same situasjon. Internatskule er ein mjuk overgang til det vaksne livet, seier

Eline. – Framnes er ein utruleg fin skule som eg for alltid vil vera takknemleg for.

Dei vil begge anbefala desse skulane på det varmaste.

TEKST:
LEA S. ANDERSLAND ELEV I 10. KLASSE,
NYSÆTER UNGDOMSSKULE

Bilde t.v: Friluftslivklassen på Framnes på tur i Jotunheimen.

Bilde oppe, t.v: Musikk på internat-rommet på Kongshaug.

Bilde øvst t.h: Eline Hellesøy, tur i nærområdet til Framnes.

Bilde nedst t.h: Andrea Teistedal Dyrøy, elev på Kongshaug musikkgyrmas



Varme hjarte for Ukraina

Det er ikkje lett for gjengen i Hjertelag Ukraina å sitja i Noreg og sjå bileta og få meldingar frå vener i landet. Dei har med åra sett korleis samfunnet gradvis har utvikla seg og korleis mange har fått det betre. Nå er mykje blitt bomba og øydelagt i krigen.

Engasjert for Ukraina i 20 år

Det begynte litt tilfeldig for 20 år sidan. Ein buss på veg til Ukraina med hjelpesendinga trong sjåfør. Sidan då har mange hjarte på Stord banka for folket i aust.

Hjelpesendingar til byen Malyn

Byen Malyn med sine omlag 30 000 innbyggjarar har vore målet for hjelpesendingar kvar vår og haust i mange år. Her har eldsjelene i Hjertelag for Ukraina delt ut klede, mat og utstyr blant anna frå innsamlingar på Stord.

Hjelp til barneheim, skular, gamleheim og sjukehus

I Malyn har gjengen fått gode vener. Barneheimen med plass til 100 born har dei besøkt mange gonger. Varme klemmar og lek kan kommuniserast utan ord. Leikeapparatet utanfor barneheimen er sett opp ved hjelp av pengegaver dei har fått. Dei

har vore på skular, gamleheimar og sjukehus, blitt invitert inn og kjent varmen frå eit gjestfritt folk som deler av det vesle dei har.

Møtt med takksemd og glede

Det gjer noko med ein å sjå, lukta og oppleva korleis folk bur, ofte tre generasjonar saman på liten plass. I Malyn har dei opplevd at det som har kosta så lite, har fått bety så mykje, og dei har møtt takksemd og glede hos eit folk som kjenner at «nokon tenkjer på oss».

Tankane går til Ukraina

Difor er det vanskeleg å vera i Noreg og sjå bileta og få meldingar frå vener i eit land i krig der mykje nå er bomba og øydelagt. Det kjennest langt inni hjarta å tenkja på kva krig og usikkerheit gjer med folk og land. Brua som bind bydelane i Malyn saman har dei kjørt over utallege gonger. Den er nå sprengt. Dei anar



Hjertelag Ukraina

Humanitær organisasjon med ei avdeling i Norge (i hovudsak på Stord og i Skudeneshavn) og ei avdeling i Malin i Ukraina.

I samtalen som danner bakgrunnen for denne reportasjen deltok Kjersti og Nils Inge Hatlevik, Hallgeir og Karoline Gravdal, Kjetil og Karin Eldøy og Gjermund Johnsen.



ikkje korleis det er med barna på barneheimen. Dei spør seg både om kor borna er og om det er vaksne som passar dei. Nokre av venene har dei kontakt med, andre veit dei ikkje kor er. Nokre har flykta, andre er igjen.

Hjelpearbeid som livsstil

Å kunna vera til hjelp for folk i Malin har nærast blitt ein livsstil for desse familiane. Barna deira har vore med på innsamling av klede og utsyr frå dei var små. Som ungdommar har fleire vore med til Ukraina med hjelpesendingar. Det har utvida horisontar og skapt engasjement når ungdommane med eigne auge har møtt menneske og sett behova i Ukraina.

Skal tilbake

Innsamlingane stoppar ikkje opp sjølv om det nå er krig. Samstundes er dei klare på at å køyra inn i Ukraina langs akser som er opne for militært materiell ikkje er trygt nok og derfor ikkje aktuelt nå. Men tankane er der; kva vil møte oss neste gong me kjem? For tilbake – ja det skal dei!

Bilde øvst t.v.: Kjetil Eldøy og dei andre møter mykje takksemd på reisene sine.

Bilde i midten t.v.: Vennskap på tvers av land, språk og alder for Anne Jorunn Økland og den ukrainske jenta

Bilde nedst t.v.: Turane til Ukraina byr på mange møte med menneske, som her på gamleheimen i Malyn.

Bilde øvst t.h.: På barneheimen i Malyn budde det 100 born. Korleis dei har det nå veit ein ikkje. Det er vondt å tenka på.

Bilete i midten t.h.: Det starta med at ei hjelpesending til Ukraina trong sjåfør. Sidan har det blitt mange turar for Nils-Inge Hatlevik og dei andre.

Bilete nedst t.h.: Ein gut leikar i leikeapparatet utanfor barneheimen i Malyn.

Alle foto er frå Hjertelag Ukraina



”

Det kjennest langt inni hjarta å tenkja på kva krig og usikkerheit gjer med folk og land.

Hjertelag Ukraina



Støtt Hjertelag Ukraina!

Hjertelag Ukraina samlar kontinuerleg inn klede og utstyr, og om du ønsker å støtta arbeidet som desse eldsjelene gjer, så kan du ta kontakt med Kjetil Eldøy:

- Ring/ SMS til 916 76 168
- E-post til keldoe@online.no

Døypte sidan sist

Stord kyrkje

Søndag 09.01

Herman Enoksen Bjørkås
Sander Løyning Kannelønning

Søndag 16.01

Isak Haugland Fredheim
Nora Magne Børtveit
Amelia Johnsen Moss
Gustav Ottesen Van Der Hagen
Åse Koll Vinsnesbakk
Jakob Halland

Søndag 23.01

Mathilde Nilsen Åkra

Søndag 30.01

Mionel Morken Eidesvik

Søndag 13.02

Ada Sætrevik Kyvik

Søndag 20.02

Bo Van Der Hagen
Noah Nylund
Aron Havro Salomonsen
Vilje Alsaker
Jerv Alsaker

Laurdag 26.02

Henrik Larsen Litlabø

Søndag 27.02

Olive Buchvold Juvik
Laura Vatna Gundersen

Søndag 13.03

Jakob Rinnan Idsøe
Ludvig Erland Madtsen

Søndag 20.03

Ludvig Eike
Ola Fagerheim
Heily Elvine Skaatan Koløen
Live Heggøy Stranden

Søndag 27.03

Alma Økland-Mortensen

Nysæter kyrkje

Søndag 19.12

William Brandsdal Hoff

Søndag 30.01

Birk Berge

Søndag 20.02

Theodor Vikanes Svanåsbakken
Thea Angelica Vikanes Svanåsbakken
Albert Solberg Kjellbotn

Søndag 06.03

Lucas Myrhaug Vihovde

Huglo bedehusapell

Søndag 24.12

Edwin Vindenes Notland

Historia til ein dåpskjole

Mange dåpskjolar har ein tradisjonsrik historie. Her er ein av dei. Denne dåpskjolen var det oldemor til Eli Gundersen, Gurine Rasmussen frå Hystad som sydde.

Eli fortel at kjolen kan vera sydd mens familien budde i Nebraska rundt 1910. I over 100 år har den vore i bruk.

Underkjolen er i bomull med lange ermer, knappar i ryggen og blonder i skjortekanten. Overkjolen er i organza med biser, innfellede blonder og knappar i ryggen.

På bildet er kjolen med varsemd gjort klar til dåp før jul. Det er altså tipptippoldemor til dåpsbarnet som sydde kjolen!



Visste du det?

I Nysæter kyrkje er det dåpskjolar til låns! Velkommen til å ta kontakt med kyrjekontoret dersom du er interessert!

Telefon: 53 40 34 30
E-post: post@kyrkjastord.no

Jesus

– Livsens lys

I desse dagar kjenner mange på mørke, både inni seg og i verda i kring. Som kristne er vi ikkje frie frå å kjenna uro og angst for verdssituasjonen. Likevel er vi ikkje utan håp. Også i vinter er mange born bårne til dåp, og fleire konfirantar har også vald å la seg døypa.

Ved dåpen høyrer vi orda frå Johannes 8: Jesus seier: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.»

Jesus vil vera ditt og mitt lys. Den første påskedagen var fleire kvinner på veg til Jesu grav for å salva den døde. Det synet som møtte desse kvinnene har sidan spreitt lys i mørkret i 2000 år. Grava var tom og derfrå fekk dei bod frå engelen om å gå og fortelja: Han er ikkje her, han har stått opp som han sjølv har sagt.

Lyset skin i mørkret. Mørkret har ikkje overvunne det, og kjem aldri til å overvinna lyset.

Jesus lever, grava brast. Han er livsens lys.

SOKNEPREST OLAV OMA



Ein påskesalme



"Jesus har stått opp!"

Då eg var liten på speidarleir ved påsketider lærte vi songen *Oppstått er Jesus, hurra, hurra.*

Eg syntest den var kjempefin. Og framleis synest eg den har ein spennande melodi og god tekst.

No ser eg at den står i barnesalmeboka, også med tekst på nynorsk.

SOKNEPREST OLAV OMA

”

Omkvede:
Jesus har stått opp! Hurra, hurra!
∴ Han lever, han lever, han lever i dag! ∴


Tom er grava i berget.
Veit nokon kvar meisteren er?
Kleda ligg der hans lekam låg, men
∴ sjølv er han ikkje der. ∴
Omkvede.

Glade takkar vi Jesus:
Takk, Herre, at døden blir kort!
Vi skal få leva hos deg ein gong.
∴ Du tek oss frå døden bort. ∴
Omkvede.

Menneskja skal bli nye,
alt gammalt og trist skal ta slutt.
Himmel og jord skal forandrast då, når
∴ Gud skapar allting nytt. ∴
Omkvede.

TEKST: MARGARETA MELIN, OMSETT: JOSTEIN JANØY, 1980. MELODI: LARS ÅKE LUNDBERG 1972

Tusen takk til støttespelarane våre!



anleggsgartnar.no
JOSTEIN GRIMSBØ T: 97789400

brilleriet **RENEVO**
www.brilleriet.com



JOHANNESSEN
ENTREPRENØR

H Hageland

INGENIØR  JØRGENSEN



Heiane Bil as
Heiane, 5412 STORD - Telefon 53 40 23 00 - Mobil 90 50 69 00
www.heianebil.no

Tannlege Øen
Tannregulering og allmennpraksis

FRONTA



salt
passion for ship design



Stord
Begravelsesbyrå
www.stordbb.no

AMFI
STORD 

Helle Elecon
Røyr - Ventilasjon - Elektro
Comfort elfag

Wenche's
Catering
Tlf. 47 35 96 76

Koldtbord
Smørbrød
Tapas
Betasuppe
Komle kvar torsdag

PB
PIZZABAKEREN®

STOMAS
elfag ELEKTRO

Annonseplass for
di bedrift?

Hjelp menneskene som
rammes av krisen i Ukraina

vipps til 2170

Hvis alle gir litt, hjelper vi mange.

Dette er ein felles-aksjon frå Røde Kors, Flyktningshjelpen, Redd Barna, Caritas Norge, Kirkens Nødhjelp og Unicef Norge. Ved å vippsa til 2170 støttar du desse organisasjonane sitt viktige arbeid med naudhjelp til Ukraina.

Mange med på spleiselaget!

Me er veldig takksame for alle aktørane i næringslivet som har støtta og støttar SPIRA .

For å kunne gje ut SPIRA treng me mange på spleiselaget. Kunne du tenke deg ei støtteannonse i bladet?

Gje oss i redaksjonen ei melding på epost: spira@kyrkja-stord.

STØTTESPELARAR

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT



SOS
MELDING



KIRKENS
SOS

Påkehøgtida i kyrkjene våre



Me nærmar oss påske - ei høgtid som er rik på sterke opplevingar. Ei høgtid som vekslar mellom stor glede og djup sorg, mellom frykt og begeistring, men og mellom undring og ettertanke. Det er 3 år sidan sist me kunne feira påkehøgtida saman i kyrkja. Difor er det med forventning og stor glede me ønskjer alle velkommen til gudstenester og fellesskap i år. Saman skal me syngja påskesalmane, delta i nattverden og få del i påkebodskapen om Jesu liding og siger over døden. Velkommen i kyrkja.

Palmesøndag

- Stord kyrkje kl.11.00: Familiegudsteneste
- Nysæter kyrkje kl. 11.00: Familiegudsteneste

Langfredag

- Stord kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med vandring gjennom lidingssoga

Skjærtorsdag

- Huglo bedehusapell kl. 14.45: Gudsteneste med konfirmasjon
- Nysæter kyrkje kl. 19.00: Kveldsgudsteneste

Påskedag

- Stord kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste
- Nysæter kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste

PÅSKA DAG FOR DAG



Palmesøndag

Jesus var på veg til Jerusalem saman med læresveinane sine for å feira påske. Jesus reid på ein eselfole mot byen. Langs vegen samla det seg mykje folk som vifta med palmegreiner, la kappane sine på vegen og ropte «Hosianna!».

Skjærtorsdag

Jesus og læresveinane var saman for å halda påskemåltid. Medan dei åt, tok Jesus brødet og vinen og sa: «Dette er min kropp. Dette er mitt blod». Med dette innstifta Jesus nattveden. Etterpå gjekk Jesus til Getsemanehagen for å be.

Langfredag

I Getsemanehagen blei Jesus teken til fange. Han blei forhøyr, og dømd til døden. Han fekk tornekrone på hovudet og blei ført til Golgata der han blei krossfesta. Jesus ropte høgt: «Det er fullbrakt». Så døydde han.



Påskedag

Tidleg om morgonen på påskedagen, var nokre kvinner på veg til grava med salve til Jesus sin kropp. Då dei kom fram var den store steinen framfor grava var rulla bort, og dei vart møtte av ein engel. Engelen sa: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa.»

